

## Info Terminliste NBF Sogn og Fjordane Bridgekrins

Krinsstyret kan no presentere ei førebels terminliste for sesongen 2020 - 21. Alt er ikkje klart enno, ma manglar sonespeling. Om det vert sone eller ikkje, er avhengig av at klubbar kan arrangere, og her ventar vi på attendemelding. Januar og februar er aktuelle månader for avvikling.

KM lag vert avvikla om minimum 8 lag melder seg på, Økonomisk bør turneringane gå så noko lunde i balanse, utgiftene er vesentleg større no pga fleire dublettar, smitteverntiltak og ekstra hjelp i lokalet.

SM 3 div. 1. helg 7. - 8. nov vert mest truleg på Skei, litt usikkert enno då vi ikkje har fått turneringsleiar heilt på plass, men vi har god von om at det ordnar seg. Hugs påmeldings- og betalingsfrist. Laga må også vere intakt, reglane finn du her:

<https://www.bridge.no/Turneringer/Seriemesterskapet/SM-2020-21>

Første helg SM 4. div er flytta til 21. og 22. nov med spelestad Skei.

KM er sett opp i terminlista 25. april (siste frist). Datoen kan bli endra alt etter når turneringsleiar er ledig.

Krinsstyret